



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Husbanken
Postboks 1404

8002 BODØ

Dykkar ref

Vår ref
11/2762-1 ITO

Dato
3 FEB 2012

Tildelingsbrev for 2012

I dette tildelingsbrevet følger Kommunal- og regionaldepartementet opp dei vedtak og føresetnader som Stortinget har gjeve for 2012, jf. Innst. 2 S (2011–2012), Innst. 5 S (2011–2012), Innst. 16 S (2011–2012) og Prop. 1 S (2011–2012) *Kommunal- og regionaldepartementet*.

I tildelingsbrevet stiller departementet til disposisjon løyvingar for Husbanken i 2012. Det blir òg gjort greie for kva inntekter Stortinget ventar i budsjetterminen, og kva satsingsområde og mål som skal gjelde for verksemda i 2012. Det blir lagt til grunn at føringar i tildelingsbrev frå tidlegare år blir vidareført, dersom ikkje noko anna er sagt i dette eller tidlegare tildelingsbrev.

Husbanken har ansvar for å informere departementet i styringsdialogen eller i anna eigna form om det oppstår vesentlege avvik frå føringane for politikken, i planar som er avtalte med departementet eller i verksemda generelt. Dersom det oppstår avvik, skal Husbanken gjere framlegg om korrigerande tiltak. Husbanken skal ta opp eventuelle uklare punkt i tildelingsbrevet med departementet.

Tildelingsbrevet har følgjande disposisjon:

- I Mål og resultat for 2012
- II Andre føringar frå departementet
- III Budsjettildeling for 2012
- IV Kalender for styringsdialogen og plan for rapportering
- V Relevante dokument

I MÅL OG RESULTAT FOR 2012

Det overordna målet innanfor bustad- og bygningspolitikken er at alle skal bu godt og trygt. Husbanken skal arbeide for å nå dei bustadpolitiske måla og dei bygningspolitiske måla på kvalitets- og miljøområdet.

Husbanken skal prioritere følgjande satsingsområde i 2012:

- Vidareutvikle si rolle som bustadsosial støttespelar for kommunane. God oppfølging av kommunane, med vekt på resultat og effektiv bruk av verkemiddel skal stå sentralt.
- Følgje opp og ha god kontroll med dei økonomiske verkemidla inkludert bustøtte.
- Førebu oppfølging av regjeringa sine ambisjonar for ein framtidretta bygningspolitikk slik dei kjem fram i meldinga til Stortinget om bygningspolitikken.
- Bidra til melding til Stortinget om bustadpolitikk som skal leggjast fram i 2012.

Departementet skal leggje fram to meldingar til Stortinget i 2012; ei om bygningspolitikken og ei om bustadpolitikken. Departementet ber Husbanken setje av ressursar til meldingsarbeidet i 2012. Meldinga om bygningspolitikken vil etter planen bli lagt fram for Stortinget til våren og oppfølging vil kunne ta til allereie i 2012.

Rammene for dette arbeidet vil departementet komme tilbake til fleire gonger ut over året, mellom anna med bakgrunn i føringar etter at Stortinget har handsama meldinga.

Systemet med mål- og resultatstyring blir vidareført i 2012, med nokre endringar på styringsparametrane. All rapporteringa må, så langt det er mogleg, vere knytt til same periode året før og til utviklinga frå førre rapportering. Ein føresetnad for mål- og resultatstyringa er at rapporteringa til departementet i samband med styringsmøta gjev ei vurdering av graden av måloppnåing. Vedlegg 1 gjev eit oversyn over styringsparametrane som Husbanken skal rapportere på i kvartalsrapportane og andre rapporteringskrav.

I den felles målstrukturen for bustad- og bygningspolitikken er følgjande mål relevante for Husbanken:

Hovudmål 1: Ein velfungerande bustadmarknad

Arbeidsmål 1.1: God informasjon om og balansert lovregulering av bustadsektoren

Husbanken skal fortsetje arbeidet med å betre statistikkgrunnlaget på bustadmarknaden og spreie informasjon og kunnskap til relevante aktørar.

Statistisk sentralbyrå (SSB) er bedt om å gjere greie for moglegheit, metode og kostnadar ved ei utviding og forbetring av statistikken for utleigemarknaden, og departementet ber Husbanken følgje opp dette arbeidet. Det gjeld å vurdere utgreiinga frå SSB, kome med tilråding om val av metodikk og vidare arbeid for å følgje opp regjeringa sitt ønske om å få ein betre leigemarknadsstatistikk. Departementet ber Husbanken setje av ressursar til dette arbeidet, og ved behov støtte utgreiingsarbeidet økonomisk.

Departementet viser til det pågåande samarbeidet med Statistisk sentralbyrå om bustad og buforhold i Levekårsundersøkinga. Vi ber om at Husbanken medverkar til at statistikk om mellom anna miljø, energi, inneklima, tilgjenge og universell utforming i bustader blir samla og forbetra.

Arbeidsmål 1.2: God finansiering av bustader i heile landet

Husbanken skal bistå kommunane i deira arbeid med å forankre bustadpolitikken i det kommunale planarbeidet og for å oppnå god finansiering av bustader i heile landet.

Regjeringa ynskjer å leggje til rette for auka bustadetablering i distrikta og har difor bestemt å etablere ei treårig ordning med tilskot til bustadetablering i distrikta. Husbanken skal administrere ordninga og følgje opp dei kommunane som deltek i satsinga. Husbanken skal setje i gang ei følgjeevaluering av ordninga. Departementet viser til omtale under kap. 581, post 70.

Hovudmål 2: Auka busetjing av vanskelegstilte på bustadmarknaden

I arbeidet med å busetje vanskelegstilte, skal Husbanken samarbeide med kommunar, statlege velferdsaktørar og organisasjonar. Samarbeidet skal òg gjelde brukarorganisasjonar og frivillig sektor. Det er sentralt at brukarperspektivet blir ivareteke i arbeidet.

Arbeidsmål 2.1: Auka førebygging og kamp mot bustadløyse

Ungdom og barnefamiljar skal vere eit av Husbanken sine innsatsområde i arbeidet med å førebygginge og kjempe mot bustadløyse i 2012.

Husbanken skal leggje til rette for at det blir etablert fleire bustader tilrettelagt for individuelt tilpassa tenester for personar utan bustad med tilleggsproblem som rus og psykiske lidingar. Arbeidet skal samordnast med andre statlege aktørar som støttar opp om kommunale tenester.

Husbanken skal, i samarbeid med Kriminalomsorga, medverke til at måla for tilbakeføringsgarantien blir realiserte.

Arbeidsmål 2.2: Auka bustadsosial kompetanse i kommunane

Husbanken skal prioritere arbeidet med bustadsosial oppfølging av kommunane høgt. God organisering, intern samhandling, forankring i politisk og administrativ leiing og planarbeid står sentralt i samarbeidet med kommunane. Eit av måla med samarbeidet er å auke effektiviteten ved bruken av dei statlege verkemidla. Samarbeidet mellom kommunane og Husbanken skal vere langsiktig og forpliktande, og alle kommunar skal kunne gjere nytte av erfaringane som blir gjort i arbeidet med satsingskommunar. Husbanken skal gjere kunnskap og kompetanse tilgjengeleg, og leggje til rette for læring mellom satsingskommunar og andre.

Arbeidsmål 2.3: Auka bustadsosial aktivitet i kommunane

Husbanken skal oppmode kommunar til å nytte verkemidla bustøtte, tilskot og startlån til å hjelpe fleire leigarar i kommunale bustader til å etablere seg i eigen eigd bustad. På dette området er den nye "leige til eige"-ordninga eit sentralt verktøy.

Husbanken skal halde fram med å jobbe saman med dei andre statlege velferdsaktørane for å gjere bustøtta betre kjent slik at fleire som har rett på bustøtte, faktisk søker.

Når startlån blir gjeve for kjøp av bustad skal bustaden vere nøktern, rimeleg og tilpassa husstanden sine behov. Husbanken skal ha dialog med departementet om startlånet, spesielt sett i lys av innstrammingane frå Finanstilsynet om forsvarleg bustadlånspolis for private finansinstitusjonar frå 1. desember 2011. Det skal som tidlegare ligge ei bustadsosial vurdering til grunn for tildeling av startlån. Det er også særleg viktig at det framleis blir gjort forsvarlege kredittvurderingar. Endringane i Finanstilsynet sine retningslinjer vil ikkje vere til hinder for at samla lån til husstandar er større enn 85 prosent av bustadverdien.

Departementet viser til at det i 2012 skal gjennomførast ei utgreiing om levekåra til menneske med utviklingshemming. Bakgrunnen for utgreiinga er Stortinget si handsaming av representantforslag om å setje ned eit utval som skal følgje opp ansvarsreforma. Kommunal- og regionaldepartementet skal saman med Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Helse- og omsorgsdepartementet, Justis- og beredskapsdepartementet, Kunnskapsdepartementet og Arbeidsdepartementet bidra i arbeidet. Husbanken skal bistå departementet i dette arbeidet. Departementet viser òg til at talet på samlokaliserte bustader for vanskelegstilte i tråd med rettleiaren bør vere så lågt at normalisering og integrering blir nådd.

Regjeringa viser til handlingsplanen for å betre levekåra for rom i Oslo frå 2009. Husbanken skal også i 2012 bidra med bustadsosial kompetanse og informasjonstiltak til rettleiingstenesta som er oppretta for rom i Oslo. Departementet ber Husbanken om å delta i samrådet mellom rom og norske styresmakter når bustadrelaterte problemstillingar er på dagsorden, og å delta i møte og andre forum som kan vere aktuelt innanfor dette arbeidet.

Hovudmål 4: Fleire miljøvenlege og universelt utforma bustader og bygg på attraktive stader

Arbeidsmål 4.1: Auka tal på miljøvenlege bustader og bygg

Husbanken skal stimulere til fleire miljøvenlege bustader og bygg gjennom målretta bruk av grunnlån, informasjons- og kompetansespreiing til kommunar og byggjenæring og ved bruk av tilskot til mellom anna utviklingsprosjekt og førebileteprosjekt. Departementet ber Husbanken om å samarbeide med Direktoratet for byggkvalitet for å spreie informasjon og kompetanse. Departementet ber òg om at Husbanken har

naudsynt kontakt med andre statlege institusjonar for å bidra til at behovet for samordning av tiltak som påverkar bustad- og byggsektoren blir ivareteken.

Departementet ber om at Husbanken, i samarbeid med Direktoratet for byggkvalitet, systematisk innhentar erfaringar med passivhusbustader og plusshus som blir finansierte gjennom Husbanken. Vi ber om at etatane legg fram ein felles erfaringsrapport frå prosjekta til siste styringsmøte i 2012. Føremålet med erfaringsinnhentinga er å skape eit godt grunnlag for framtidig politikktutvikling og å sjå korleis dei nye kvalitetskrava til grunnlån påverkar søknadsinngangen og kvaliteten i prosjekta.

Husbanken skal følgje opp tiltak på eige område i *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009–2012*. Oppfølginga må i naudsynt grad samordnast med Direktoratet for byggkvalitet.

Departementet ber om at Husbanken med basis i sitt eige miljøprogram utviklar ein strategi for sitt arbeid med energieffektivisering i eksisterande bygg.

Arbeidsmål 4.2: Auka tal på universelt utforma bustader, bygg og uteområde

Husbanken skal stimulere til at det blir fleire tilgjengelege og universelt utforma bustader, gjennom bruk av grunnlån og tilskot til mellom anna utviklingsprosjekt og førebileteprosjekt. Vi ber om at Husbanken følgjer opp korleis dei nye kvalitetskrava til grunnlån påverkar søknadsinngang og kvalitet i prosjekta som blir finansierte.

Husbanken skal følgje opp tiltaka på byggområdet i regjeringa sin handlingsplan for universell utforming og auka tilgjenge 2009–2013. Direktoratet for byggkvalitet har hovudansvaret for gjennomføringa av informasjons- og kompetanseprogramma, og Husbanken skal samarbeide med direktoratet om tiltaka.

Husbanken skal vere med på å planleggje, finansiere og gjennomføre den internasjonale konferansen om universell utforming i Lillestrøm 11.–13. juni 2012.

Arbeidsmål 4.3: Fleire stader med god byggjeskikk og godt bumiljø

Husbanken er sekretariat for juryen for Statens byggjeskikkspris. Husbanken må førebu utnemning av ny jury i samarbeid med departementet. Vi ber om innspel til eventuelle endringar i statuttane for prisen innan 31. mai 2012.

I arbeidet med byggeskikk, bumiljø og arkitektur skal Husbanken utvikle informasjonsmateriell, halde regionale og lokale byggeskikkskurs, leggje til rette for nettbasert fjernundervisning, rådgjeving og støtte relevante prosjekt med tilskot.

Departementet ber om at Husbanken legg fram forslag til eit kompetanseprogram for byggeskikk, bumiljø og arkitektur retta mot kommunar. Det kan i den samanhengen vere aktuelt å etablere eit nettverk for erfaringsoverføring.

Husbanken skal halde fram med å utvikle områdesatsing som verkemiddel for å betre levkåra i utsette område. I 2012 skal Husbanken starte opp områderetta arbeid i

Trondheim. Arbeidet i Bergen og Oslo held fram. Områdeløfta skal skje i samarbeid med kommunane. Ved igangsetting av nye områdeløft bør det leggast vekt på erfaringar som er gjort i Groruddalssatsinga. Departementet viser til omtale under kap. 581, post 74 om fordeling av midlar til områdesatsing i 2012.

Husbanken skal også bidra fagleg i arbeidet med Statens pris for attraktiv stad, der første utdeling skjer i 2012.

Effektiv og brukarorientert forvaltning

I tillegg til oppgåver under hovudmåla for bustad- og bygningspolitikken skal Husbanken ivareta mål om ei effektiv og brukarorientert forvaltning.

Open, brukarorientert og velfungerande forvaltning av verkemiddel

Husbanken skal syte for at det finst god og oppdatert informasjon til aktuelle brukarar på Husbanken sine nettsider.

Husbanken skal utarbeide og er ansvarlig for gode retningslinjer i samsvar med Prop. 1 S (2011–2012), forskrifter og tildelingsbrev. Dersom det er saker der det er tvil om tolking eller større endring av praksis, skal dette takast opp som eiga sak på styringsmøta eller takast opp med departementet i eiga sak.

Effektiv løysing av forvaltnings- og driftsoppgåver

Det er eit krav at budsjetteringa skal vere realistisk. Innspel til departementet om avvik og endringar skal gje gode forklaringar om føresetnadene som ligg til grunn for berekningane og årsakene til avvik. Krava i reglementet for og føresegnene om økonomistyring i staten skal følgjast.

Alle tilsegn skal registrerast på ein måte som gjev eit godt bilete av aktiviteten gjennom heile året. Husbanken skal ha status for postane tilgjengelege for departementet og oversende desse kvar månad.

II ANDRE FØRINGAR FRÅ DEPARTEMENTET

Departementet viser til vedlegg 4 om felles retningslinjer for underliggjande verksemdar. Alle fellesføringane skal følgjast opp innanfor budsjettammene for 2012.

Departementet viser òg til vedlegg 7 om oppdatert hovudinstruks om økonomi- og verksemdsstyring i Husbanken. Saker som er omtalt i hovudinstruksen er ikkje nærare omtalt i tildelingsbrevet.

Oppfølging av merknader frå Riksrevisjonen

Departementet viser til Dokument 1 (2011–2012) om Riksrevisjonens rapport om revisjon og kontroll for budsjettåret 2010. Riksrevisjonen har to merknader som gjeld Husbanken. Den eine er knytt til berekning av meirverdiavgift på fjernleverbare tenester frå utanlandske leverandørar og den andre til forvaltninga av investeringstilskotet til omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Departementet ber

Husbanken syte for at det blir etablert rutinar for berekning og innbetaling av meirverdiavgift. Departementet viser til at Husbanken i 2011 har levert månadleg rapportering på investeringstilskotet og ber om at Husbanken held fram med det. Departementet ber òg om at Husbanken gjev ei grundig rapportering av aktivitet og måloppnåing på investeringstilskotet i halvårsrapportane. Departementet ber om at Husbanken risikovurderar tilskotet.

Departementet viser til Dokument 3 (2011–2012) om Riksrevisjonen si oppfølging av forvaltningsrevisjonar som er handsama av Stortinget. Riksrevisjonen avsluttar saka om tilbodet til dei vanskelegstilte på bustadmarknaden, jf. Dokument 3:8 (2007–2008).

Dokumenta frå Riksrevisjonen blir handsama i Stortinget i vårsesjonen 2012.

Internasjonalt arbeid

Husbanken skal følgje med på trendar og utvikling i andre land som har relevans for norsk bustadpolitikk. Slik informasjon skal takast inn i rapporteringa for 4. kvartal. Utviklinga i EU og dei nordiske landa står særleg sentralt. Husbanken skal ved behov hjelpe departementet i saker om EU/EØS, og ved deltaking knytta til UN-Habitat og ECE.

FoU

For å ivareta sektoransvaret for forskinga på bustad- og bygningsområdet, ynskjer departementet ei heilskapleg samordning av FoU-verksemnda. Departementet vil sende bestilling til Husbanken på forskingsoppdrag som skal utførast i 2012, i tillegg til dei Husbanken sjølv initierer. Husbanken skal sende departementet ei kvartalsvis oversikt som omtaler alle FoU-oppdrag som er planlagde eller sette i gang, jf. rapporteringskrav under kap. IV. Alle sentrale forskingsrapportar som blir ferdige skal sendast departementet. Husbanken skal registrere gjennomførte evalueringar på evalueringsportalen.no.

Departementet vil kalle inn til fagmøte for å koordinere kva for FoU-oppdrag som skal setjast i gang av departementet, Husbanken eller Direktoratet for byggkvalitet.

Kommunikasjon og informasjon

Alle verksemnder skal ha eit system for aktiv kommunikasjonsverksemd, både intern kommunikasjon, ekstern kommunikasjon til sine målgrupper og kommunikasjon med departementet.

Kommunikasjonsarbeidet i Husbanken skal støtte opp under dei strategiane som gjeld for verksemnda, og vere basert på gjeldande regelverk som offentleglova, ny statleg kommunikasjonspolitikk og forvaltningslova.

Departementet oppfordrar til å praktisere meiroffentlegheit. Det er viktig at Husbanken er lydhøyr og fangar signal i samfunnet som rører ved Husbanken si verksemd, og brukar dette i eit aktivt kommunikasjonsarbeid.

Husbanken skal orientere departementet i god tid før offentliggjøring av viktige utgreiingar eller rapportar som Husbanken har utført eller bestilt. Etablerte varslingsrutinar mellom Husbanken og departementet må følgjast. Dette gjeld særleg i saker som kan skape stor merksemd i offentlegheita, både gode og vanskelege eller kontroversielle mediasaker. Husbanken skal ha tilfredsstillande planer for krisehandtering, medrekna krisekommunikasjon, der kontakten med departementet er ein viktig del. Departementet ventar at Husbanken gjer resultata som er oppnådde innanfor sitt politikkområde synlege, og at han tar kontakt med departementet for avklaring om politisk leiing kan vere ein del av synleggjeringa.

Informasjonstryggleik

Departementet er i gang med å etablere eit styringssystem for IKT-tryggleik (ISMS) basert på ISO 27001/27002. Departementet ynskjer å tilby desse styringsverktøya til underliggjande verksemdar når dei er ferdigstilte. Bruk av verktøya vil kunne bidra til at sektoren får ein meir heilskapleg styring av IKT-tryggleiken.

- Etatane skal som system- og informasjonseigarar ha eit dokumentert styringssystem for informasjonstryggleik.
- IKT-system og informasjon skal klassifiserast og risikovurderast for å sikre omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Nye IKT-system/-løysingar skal, før dei blir sette i drift, testast for sårbarheit og ivaretaking av omsynet til konfidensialitet, integritet og tilgjenge.
- Det blir anbefalt at tryggleiksarbeidet følgjer anerkjente standardar, som ISO 27001/27002.
- Hendingar som truer eller kompromitterer IKT-tryggleiken skal rapporterast.

Informasjonstryggleik vil vere tema på eitt styringsmøte i 2012.

Likestilling og mangfald

Likestillingslova § 1a, diskrimineringslova § 3a, diskriminerings- og tilgjengelova § 3 og arbeidsmiljølova kap. 13 inneheld krav til offentlege styresmakter og offentlege verksemdar om å gjere greie for likestilling og mangfald i verksemdene. Dette skal innarbeidast i den einskilde verksemda si årsmelding. Departementet viser til vedlegg 3 om krav til rapporteringa i årsmeldinga for 2011. Tabellane som Husbanken skal bruke i rapporteringa er henta frå rettleiaren *Statlige virksomheters likestillingsredegjørelser etter aktivitets- og rapporteringsplikten*. Rettleiaren finst på nettsidene til Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

Aktivitetsplikta i lovene nemnde over oppmoder offentlig styresmakt om å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremje likestilling og mangfald på alle samfunnsområde. Kjønn- og likestillings- og mangfaldsperspektivet bør ivaretakast ved utforminga av mål- og resultatindikatorar. Husbanken skal rapportere på korleis tiltak og tilskot på relevante felt verkar for og blir fordelte mellom kvinner og menn. All rapportering skal fordelast på kvinner og menn der dette er relevant. Dette vil bli innarbeidd i Prop. 1 S. Husbanken skal rapportere til departementet innan 11. mai 2012.

Etiske retningslinjer

Departementet viser til etiske retningslinjer for statsforvaltninga som er fastsett og sendt ut til alle statlege verksemder saman med PM 16/2005. Retningslinjene finst på Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet sine nettsider. Husbanken må ha fokus på det etiske medvitet blant dei tilsette. Leiinga i Husbanken har i samband med dette ei viktig rolle, både som initiativtakar og oppfølgjar.

Miljøleing

Alle statlege verksemder er pålagt å ha eit system for miljøleing. Husbanken skal rapportere på status for innføring av miljøleing og rapporteringsverktøy i årsmeldinga. Meir informasjon finst på Difi sine nettsider.

Rapportering i samhøve med mållova

Departementet viser til § 8 i mållova om målbruk i offentleg teneste og § 6 i forskriftene til lova om krav om minimum 25 pst. bruk av den minst nytta målforma. Husbanken skal rapportere på dette i årsmeldinga.

III BUDSJETTILDELING FOR 2012

Departementet viser til Innst. 5 S (2011–2012), Innst. 16 S (2011–2012), Prop. 1 S (2011–2012) *Kommunal- og regionaldepartementet* og Prop. 1 S Tillegg 3 (2011–2012) *Endring av Prop. 1 S om statsbudsjettet for 2012 under Kommunal- og regionaldepartementet*, og til forskrifter og retningslinjer for bustøtta og låne- og tilskotsordningane som Husbanken forvaltar. Tildelingskriterium, retningslinjer osv. er ikkje nærare omtalt i dette tildelingsbrevet.

Følgjande utgifter og inntekter blir stilte til disposisjon for Husbanken i 2012:

Utgifter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Sum i 1 000 kr</i>
580	Bustøtte	
	70 Bustøtte, <i>overslagsløyving</i>	3 250 000
581	Bustad- og bumiljøtiltak	
	61 Husleigetilskot	3 400
	70 Bustadetablering i distrikta	20 000
	74 Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, <i>kan overførast</i>	47 500
	75 Tilskot til etablering og tilpassing av bustad	435 000
	76 Tilskot til utleigebustader, <i>kan overførast</i>	425 600
	77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, <i>kan overførast</i>	26 700
	78 Bustadsosialt kompetansetilskot, <i>kan overførast</i>	68 500
582	Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg	
	60 Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg, <i>kan overførast</i>	764 500
	61 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, <i>kan overførast</i>	69 225
586	Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar	
	63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag	1 253 700
	64 Investeringsstilskot, <i>kan overførast</i>	1 071 900

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
2412		Husbanken	
	1	Driftsutgifter	324 500
	21	Spesielle driftsutgifter	12 400
	45	Større utstyrsframskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i>	16 400
	71	Tap på utlånsverksemd	19 000
	72	Rentestønad	14 000
	90	Lån frå Husbanken, <i>overslagsløyving</i>	16 192 000

Inntekter

<i>Kap.</i>	<i>Post</i>		<i>Sum i 1 000 kr</i>
5312		Husbanken	
	1	Driftsutgifter	14 400
	11	Tilfeldige inntekter	500
	90	Avdrag	9 714 000
5615		Husbanken	
	80	Renter	4 349 000

Meirinntektsfullmakt

Husbanken kan i 2012 overskride løyvinga på kap. 2412, post 1 Driftsutgifter mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 5312, post 1 Gebyr m.m., jf. romartalsvedtak V i Innst. 16 S (2011–2012).

Oversikt over løyving, tilsegnfullmakter og tilsegnsrammer for 2012

Tabellen under gjev ei oversikt over løyving, tilsegnfullmakt og tilsegnsramme for dei ulike tilskotsordningane som blir budsjettert på denne måten, jf. romartalsvedtak VI for tilsegnfullmakter i Innst. 16 S (2011–2012).

		<i>(i mill. kr)</i>			
<i>Kap.</i>	<i>Post</i>	<i>Løyving</i>	<i>Tilsegnfullmakt</i>	<i>Tilsegnsramme</i>	
581	76	Tilskot til utleigebustader	425,6	328,5	430,00
581	77	Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet	26,7	25,9	28,00
581	78	Bustadsosialt kompetansetilskot	68,5	71,4	77,00
586	64	Investeringsstilskot	1 071,9	2 290,2	1 202,25

Kap. 580 Bustøtte

Post 70 Bustøtte, overslagsløyving

Stortinget har vedteke ei løyving på 3 250 mill. kr til bustøtte i 2012.

Frå 1. juli 2012 vil nokre satsar i bustøtta bli justerte. Innslagspunkta for progressiv opptrapping av eigendelen blir oppjustert i takt med veksten i minstepensjonen. Det nye innslagspunktet blir kr 192 000 for unge uføre og kr 156 000 for andre mottakarar.

Minste eigendel blir heva med kr 1 200 til kr 17 800 for alle.

Departementet vil våren 2012 leggje fram ein proposisjon om lov om bustøtte. Lova skal etter planen gjelde frå 1. januar 2013. Departementet ber Husbanken førebu iverksettinga av lova. Eit av framlegga i proposisjonen er å innføre systematisk etterkontroll av inntekt i bustøtta. For å redusere talet på tilbakekrav til eit minimum er det viktig med eit godt førebyggjande arbeid. Departementet ber Husbanken om å gjere framlegg til departementet innan 17. februar 2012 om korleis det førebyggjande arbeidet kan bli gjennomført, mellom anna rutinar for å varsle mottakar så tidleg som mogleg om kva for grenser som gjeld og at etterkontroll vil bli gjennomført. Høvet til å kontrollere likningsdata, som i hovudregelen blir nytta ved utrekning av bustøtte, mot register over faktisk inntekt på søknadstidspunktet skal vurderast særleg. Vidare er det gjort framlegg i lova om ei felles klagenemnd for klagar på tildeling av lån, tilskot og bustøtte. Departementet ber Husbanken om å setje av ressursar i 2012 til å etablere og setje i verk ei slik nemnd i 2013. I tillegg ber departementet Husbanken førebu at Statens innkrevjingsentral frå 1. januar 2013 skal drive inn Husbankens krav på for mykje utbetalt bustøtte.

Departementet ber om at Husbanken aukar aktiviteten på arbeidet med å førebyggje og avdekkje moglege misleghald av bustøtta.

Departementet ber Husbanken sørge for at kommunane følgjer hovudregelen om samtykke ved innhenting og handsaming av personopplysningar for å avgjere søknad om bustøtte. Dette gjeld både for opplysningar om søkjar og dei andre personane i husstanden. I framlegg til ny lov om bustøtte vil det bli føreslått å lovfeste føresegner om innhenting og handsaming av personopplysningar.

I 2011 har det vore gjort mykje godt arbeid med å betre budsjetteringa av bustøtta. Departementet ber Husbanken om å halde fram med den månadlege rapporteringa. Ved budsjettering (konsekvensberekning) av bustøtta ber departementet om at talet på mottakarar blir via særleg merksemd. Mellom anna ynskjer departementet at framtidige anslag for netto endringar i talet på mottakarar blir splitta i tilgang av nye og avgang av noverande mottakarar.

Kap. 581 Bustad- og bumiljøtiltak

Post 61 Husleigetilskot

Husleigetilskotet skal medverke til at leigarar i tidlegare regulerte bustader i Oslo og Trondheim, som er i ein vanskeleg økonomisk situasjon, kan halde på bustaden etter at husleigereguleringa blei avvikla 1. januar 2010.

Stortinget har vedteke ei løyving på 3,4 mill. kr i 2012. Løyvinga skal dekkje statens del av utgiftene knytte til tilskotet, det vil seie halvparten av utgiftene.

Husbanken skal vidaretildele midlane til Oslo og Trondheim kommune. Kommunane skal framleis administrere tildelinga av tilskotet og rapportere til Husbanken om bruk

av midlane. Husbanken skal vidareformidle rapporteringa frå kommunane i kvartalsrapportane og i samband med dei ordinære budsjettprosessane.

Post 70 Bustadetablering i distrikta (ny post)

Stortinget har vedteke ei løyving på 20 mill. kr i 2012. Tilskotet er nytt i 2012 og skal stimulere til auka tilbod av ulike typar bustader i kommunar med små og usikre bustadmarknader. Tilskotet er ei treårig forsøksordning for utvalde kommunar. Tilskotet skal nyttast i det distriktspolitiske verkeområdet. Departementet viser til Innst. 16 S (2011–2012) der kommunal- og forvaltningskomiteen meiner at forsøksordninga må vere for kommunar som opplever at bustadmarknaden hindrar tilflytting. I tillegg må det vere krav om at den lokale bustadmarknaden er slik at vidarevalsverdi for nye bustader ligg under byggjekostnadene.

Tilskotet skal gå til kommunar. Kommunen kan bruke tilskotet til oppføring og rehabilitering/ombygging av bustader for utleige til personar som ynskjer å prøvebu i kommunen. Kommunen kan òg gje tilskotet vidare til selskap eller liknande for etablering av utleigebustader til same føremål, og til privatpersonar som er tilflyttarar til kommunen eller som allereie bur i kommunen. Føremålet med tilskotet til privatpersonar er å redusere risikoen for tap ved investering i eigd bustad.

Husbanken skal administrere ordninga og følgje opp dei kommunane som deltek i satsinga. Departementet vil kome tilbake til nærare føringar om det nye tilskotet i eit eige brev.

Departementet vil utforme forskrift for tilskotet.

Post 74 Tilskot til bustad-, by- og områdeutvikling, kan overførast

Stortinget har vedteke ei løyving på 47,5 mill. kr i 2012. Auken på 1,5 mill. kr skal gå til områdesatsing i utsette område i Trondheim kommune. Denne innsatsen skal skje i samarbeid med Trondheim kommune. Resten av løyvinga skal fordelast med 40 mill. kr til satsing i Groruddalen i Oslo kommune og 6 mill. kr til vidare satsing i Bergen kommune.

Post 75 Tilskot til etablering og tilpassing av bustad

Husbanken vidaretildele tilskotsmidlar til etablering og tilpassing til kommunane, slik at kommunane kan formidle tilskota til søkerane. Dei andre tilskota gjev Husbanken:

- utredning og prosjektering av bustader som skal dekkje spesielle bustadbehov
- tilstandsvurdering av burettslag, sameiger og liknande
- prosjektering av og investering i heis i eksisterande bustadbygg
- tap på startlån

Stortinget har vedteke ei løyving på 435 mill. kr i 2012. Av dette skal inntil 10 mill. kr setjast av til prosjektering av og investering i heis i eksisterande bustadbygg.

Departementet viser til at 23 mill. kr av løyvinga er ein auke som følgje av at særfrådraget for store sjukdomsutgifter skal fasast ut, jf. omtale i Prop. 1 LS (2011–2012). 23 mill. kr av auken på posten skal difor gå til å styrkje tilskot til tilpassing av bustad. Det skal vere relativt høgare aktivitet på tilpassingstilskotet i 2012 samanlikna med tidlegare år.

Det skal berre unntaksvis og etter ein grundig gjennomgang av låneporteføljen i kommunen kunne setjast av midlar til tapsfond til startlån i 2012.

Departementet ber om at Husbanken rapporterer på planlagt fordeling av midlane på posten før kommunane får tildelt midlar. Det må komme tydeleg fram kor mykje som er planlagt til dei ulike føremåla på posten. Dette må skje seinast innan første styringsmøte 2012.

Post 76 Tilskot til utleigebustader, kan overførast

Tilsegnsramma for 2012 er på 430 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjevne i 2009–2011, og tilsegn som blir gjeve i 2012 som kjem til utbetaling i 2012, blir det gjeve ei løyving på 425,6 mill. kr. Tilsegnsfullmakta er på 328,5 mill. kr.

Tilskotet skal bidra til netto tilvekst på nasjonalt nivå, men det er samtidig viktig at dei lokale forholda blir vurderte når det gjeld forholdet mellom nye bustader og oppgradering av eksisterande bustader. Husbanken skal overfor kommunane gje føringar om at kommunale leigebustader skal ha god kvalitet og vere universelt utforma. Utleigebustader bør vere integrerte i vanlege bumiljø. Talet på samlokaliserte bustader for vanskelegstilte bør i tråd med rettleiaren vere så lågt at normalisering og integrering blir nådd. Husbanken skal prioritere tilskot til utleigebustader til kommunar med store bustadsosiale utfordringar. Departementet viser til Innst. 16 S (2011–2012) der kommunal- og forvaltningskomiteen ber regjeringa om å sikre at bustadbyggjelag og andre skal kunne få tilskot til utleigebustader til ungdom.

Departementet ber om grundig rapportering på tilskotet i kvartalsrapportane, både når det gjeld aktivitet og fordeling på brukargrupper.

Post 77 Kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet, kan overførast

Tilsegnsramma for 2012 er på 28 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjevne i 2010 og 2011, og tilsegn frå 2012 som kjem til utbetaling i 2012, blir det gjeve ei løyving på 26,7 mill. kr. Tilsegnsfullmakta er på 25,9 mill. kr.

Departementet viser til *Bygg for framtida – Miljøhandlingsplan for bustad- og byggsektoren 2009–2012*. Husbanken skal vidareføre støtta på inntil 5 mill. kr til samarbeidsprogrammet Framtidas byer. Husbanken skal òg støtte FutureBuilt, Lavenergiprogrammet, prosjektdatabasen til NAL | Ecobox og Næringslivets stiftelse for miljødeklarasjoner. Husbanken skal vere med på å finansiere den internasjonale konferansen om universell utforming i Lillestrøm 11.-13. juni 2012. Husbanken skal òg

støtte den internasjonale konferansen "Passivhus Norden" og Vellenes fellesorganisasjon (VFO) etter konkret søknad.

Fleire av prosjekta som har fått tilskot frå posten har relevans for arbeidet som Direktoratet for byggkvalitet har med å førebu vidareutvikling av Byggteknisk forskrift. Departementet vil difor kalle inn til halvårlege møte med Husbanken og Direktoratet for byggkvalitet om prosjekt som er aktuelle for kompetansetilskot til berekraftig bustad- og byggkvalitet. Husbanken har framleis ansvaret for forvaltninga av tilskotet. Målet for møta er å sikre god kunnskapsformidling og utredning og effektiv bruk av midlar.

Post 78 Bustadsosialt kompetansetilskot, kan overførast

Tilsegnsramma for 2012 er på 77 mill. kr. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2010 og 2011, og tilsegn frå 2012 som kjem til utbetaling i 2012, blir det gjeve ei løyving på 68,5 mill. kr. Tilsegnfullmakta er på 71,4 mill. kr.

Departementet viser til at leigetakarorganisasjonar skal ha moglegheit til å søkje om drifts- og prosjektstøtte òg i 2012.

Husbanken skal ved behov støtte bustadforskningskonferansen på Lillehammer i juni 2012.

Kap. 582 Rentekompensasjon for skule- og symjeanlegg og kyrkjebygg

Post 60 Rentekompensasjon – skule- og symjeanlegg, kan overførast

Husbanken kan gje tilsegn i tråd med romartalsvedtak VII i Innst. 16 S (2011–2012) på inntil 2 mrd. kr i 2012. Løyvinga på 764,5 mill. kr skal gå til å dekkje renteutgifter knytte til investeringsrammene det er gjeve tilsegn om i perioden 2002–2012.

Post 61 Rentekompensasjon – kyrkjebygg, kan overførast

Husbanken kan gje tilsegn i tråd med romartalsvedtak X i Innst. 16 S (2011–2012) på inntil 150 mill. kr i 2012. Løyvinga er på 69,225 mill. kr og skal gå til å dekkje renteutgifter knytte til investeringsrammene det er gjeve tilsegn om i perioden 2005–2012.

I § 8 i forskriftene til rentekompensasjon til kyrkjebygg står det at departementet kan fastsetje reglar om prioritering. Dersom etterspurnaden etter rentekompensasjon til kyrkjebygg skulle bli større enn investeringsramma for 2012, skal Husbanken prioritere kyrkjer som er freda og verneverdige og der det ligg føre ein finansieringsplan. Deretter skal freda og verneverdige kyrkjer prioriterast, og så ikkje verneverdige kyrkjer med finansieringsplan. Til slutt kan Husbanken eventuelt gje rentekompensasjon til ikkje verneverdige kyrkjer utan finansieringsplan.

Kap. 586 Tilskot til omsorgsbustader og sjukeheims plassar

Post 63 Tilskot til kompensasjon for utgifter til renter og avdrag

Løyvinga skal gå til å dekkje utgifter til renter og avdrag på lån til alle som fekk oppstartingstilskot (post 60). Løyvinga er 1 253,7 mill. kr i 2012.

Post 64 Investeringsstilskot, kan overførast

Husbanken skal prioritere arbeidet med å skaffe fleire omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Dette er ei viktig oppgåve for regjeringa og Husbanken skal prioritere å delta i styringsgruppa som er etablert mellom dei ulike departementa og etatane for å følgje arbeidet med gjennomføring av Omsorgsplan 2015.

Husbanken må gje god informasjon og rettleie kommunar i arbeidet med utbygging av omsorgsplassar som oppfyller krava om universell utforming og tilpassing for menneske med demens og kognitiv svikt, slik det mellom anna blir lagt til grunn i Demensplan 2015. Departementet ber særskilt om at Husbanken arbeidar aktivt med å finne gode løysingar der kommunar samarbeidar med eksterne aktørar, medrekna frivillige organisasjonar. I dette arbeidet er det viktig at Husbanken har god dialog med KS, der mellom anna utvikling av ei samling med gode eksempel frå kommunane som viser handlingsrommet blir presentert.

Husbanken skal arrangere ein nasjonal konferanse om bygging av omsorgsbustader og sjukeheims plassar i første kvartal 2012.

Tilsegnssramme for 2012 er på 1 202,25 mill. kr til 1500 omsorgsbustader og sjukeheims plassar. Til å dekkje tilsegn gjeve i 2009–2011 og tilsegn frå 2012 som kjem til utbetaling i 2012, blir det gjeve ei løyving på 1 071,9 mill. kr. Tilsegnssfullmakta er på 2 290,2 mill. kr i 2012.

Dei maksimale tilskotssatsane er prisjusterte, og er kr 687 000 for omsorgsbustader og 916 000 for sjukeheims plassar, innanfor ein maksimal anleggskostnad på 2,290 mill. kr.

Frå 2012 skal sjukeheimar og omsorgsbustader som får investeringstilskot frå Husbanken vere tilrettelagte for tilkopling av elektroniske hjelpemiddel, kommunikasjons- og varslingsystem og annan velferdsteknologi.

Kommunane vil frå 2012 kunne søkje om investeringstilskot, etter dei vanlege kriteria for ordninga, for å byggje opp eit tilbod av døgnomsorgsplassar for personar som treng øyeblikkeleg hjelp i tråd med Samhandlingsreforma.

Departementet viser til at Husbanken også i 2012 skal rapportere månadleg på ordninga til Helse- og omsorgsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet innan fem virkedagar den påfølgande månaden.

Kap. 2412 Husbanken

Post 1 Driftsutgifter

Stortinget har vedteke ei løyving på 324,5 mill. kr i 2012. Husbanken skal ha ein effektiv og desentralisert administrasjon. Prioriteringane i tildelingsbrevet skal i størst mogleg grad reflektere ressursbruken på administrasjonsbudsjettet.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Stortinget har vedteke ei løyving på 12,4 mill. kr i 2012. Posten har ikkje stikkordet "kan overførast". Det inneber at berre inntil fem prosent av løyvinga kan overførast til neste budsjettår. Det krev god planlegging og tidleg igangsetting av prosjekt, slik at løyvinga kan bli utbetalt i 2012. Departementet ber om god dialog når det gjeld planlegging og igangsetting av FoU-prosjekt, jf. omtale under kap. II.

Departementet viser til vårt brev av 9. desember 2011.

Post 45 Større utstyrskjøp og vedlikehald

Stortinget har vedteke ei løyving på 16,4 mill. kr i 2012.

Utlånsverksemda i Husbanken

Husbanken er gjeve ei låneramme på 15 mrd. kr i 2012, jf. romartalsvedtak IV i Innst. 5 S (2011–2012). Departementet viser til at det har vore høg aktivitet på utlånsverksemda dei siste åra. Husbanken må ha god rammestyring slik at låneramma blir fordelt utover heile året. Departementet ber om at Husbanken rapporterer på utviklinga av låneaktiviteten (både tilsegn og utbetaling) fordelt på dei ulike låneordningane, jf. krav om månadleg rapportering på alle postar.

Startlånet skal prioriterast innanfor låneramma i 2012. For å sikre ei god disponering av låneramma skal Husbanken fordele startlån i fleire omgangar over året. Dette òg for å sikre at dei kommunane som treng startlån får jamn tilførsel i løpet av året.

Departementet ber Husbanken ha ein aktiv dialog med Finansnæringens fellesorganisasjon (FNO) og i tillegg sørge for å utarbeide eit felles skriv om startlånet og samfinansiering. Utkast til eit slikt skriv skal leggjast fram for departementet.

Husbanken skal vurdere barnehagedekninga og gjere ei grundig vurdering før det blir gjeve lån til private aktørar, spesielt i kommunar med full barnehagedekning.

Departementet viser til forskrift om prioritering av lånesøknader i Husbanken. Denne forskrifta gjer at Husbanken kan prioritere lånesøknader etter retningslinjer frå departementet. Dersom Husbanken vurderer at etterspurnaden etter lån vil bli større enn utlånsramma, ber departementet Husbanken om å sende over konkrete forslag til retningslinjer for prioriteringa av lån.

Husbanken skal innan første kvartal 2012 gå gjennom retningslinjene for utmåling av grunnlånet og kome med eventuelle framlegg om justeringar.

Andre ordningar

Tilskot til studentbustader

Kunnskapsdepartementet vil i eit eige tildelingsbrev gje løyving til tilskotsordninga og føringar for arbeidet som Husbanken gjer med studentbustader.

IV KALENDER FOR STYRINGSDIALOGEN OG PLAN FOR RAPPORTERING

Styringsdialogen mellom Husbanken og departementet består hovudsakeleg av styringsmøte og rapportering for bestemte periodar. Departementet vil kalle inn til kvartalsvise styringsmøte i 2012, jf. kalender for styringsdialogen i vedlegg 2. Møta vil bli haldne annankvar gong hjå departementet og Husbanken. Departementet ber Husbanken om å arrangere eit av styringsmøta på eit av regionkontora. Departementet ber òg om at Husbanken førebur og kallar inn departementet til eit fagseminar i løpet av 2012.

Departementet ber om at Husbanken sender inn ei månadleg rapportering på alle budsjettpostar som viser status på forbruk og aktivitet. Rapporteringa skal sendast elektronisk seinast den 18. påfølgande månad, jf. fristar i vedlegg 1. I tillegg skal Husbanken sende inn ei månadleg rapportering på bustøtta og investeringstilskotet seinast innan fem virkedagar den påfølgjande månaden.

Husbanken skal oversende rapportering i framkant av styringsmøta. Fristar kjem fram av kalenderen for styringsdialogen i vedlegg 2. Husbanken skal i rapporteringa gje ei vurdering av måloppnåing, og forklare eventuelle avvik. Vedlegg 1 har ei oversikt over styringsparametrane og andre rapporteringskrav. Departementet ber Husbanken merke seg at dette ikkje er ei uttømmmande liste over kva som vil vere føremålstenleg for Husbanken å rapportere på. Departementet vil vidareføre systemet der halvårsrapporteringa skal vere meir omfattande og gje ei grundigare vurdering av måloppnåing på alle område enn rapporteringa for første og tredje kvartal, jf. krava i tildelingsbrevet for 2011. Departementet ber Husbanken fortsetje å bidra i arbeidet med å utvikle styringsparametrar som kan gje eit føremålstenleg bilete på måloppnåinga. Departementet legg i tillegg opp til å ha ei årleg vurdering av hovudinstruksen om økonomi- og verksemdsstyring. Dersom Husbanken har innspel til endring av styringsparametrar eller hovudinstruksen er det fint om dei blir oversendte innan 1. oktober 2012.

Husbanken skal dokumentere årlege risikovurderingar på eit overordna nivå, inkludert risikoreduserande tiltak. Husbanken skal presentere den overordna risikovurderinga på det første styringsmøtet. Med utgangspunkt i definerte mål og strategiar for verksemda skal Husbanken vurdere vesentlege risikoar for alle områder i verksemda. Risikovurderingane skal relaterast til målstrukturen i verksemda og integrerast i mål-

og resultatstyringa. Vurderingar som avslører høg risiko for at mål ikkje blir nådde skal inkludere omtale av risikoreduserande tiltak, eventuelt må det gå fram at verksemda bevisst godtek den høge risikoen. Husbanken skal oppdatere risikovurderingane i rapporteringa til styringsmøta. Ved avvik på viktige politiske og forvaltningsmessige område skal Husbanken rapportere til departementet umiddelbart.

Departementet viser til omtale av FoU under kapittel II. Husbanken skal kvartalsvis gje ei oversikt og ei kort beskriving av forskings- og utgreiingsprosjekt på kapittel 2412, post 21. I oversikta over prosjekta må det kome fram status på oppdraget (sett i gang, kunngjort, planlagt), kva oppdraget går ut på (tema/føremål), kven som skal gjennomføre oppdraget, pris og tidspunkt for når det skal vere ferdig. Det må også gå fram kor stor del av posten som er høvesvis bunde (inngått avtale om), kunngjort, planlagt eller ikkje avklart.

Rapportering på mål og resultat, oppdaterte risikovurderingar, FoU-opdrag og gjennomgang av referat og oppfølgingspunkt frå førre møte er faste punkter på dagsorden på styringsmøta. Andre saker som ein av partane ynskjer å ta opp på styringsmøta skal som hovudregel meldast inn til den andre parten minst to veker i framkant av møtet. Det skal i slike tilfelle følgje med eit notat som beskriv saka, inkludert eit forslag til konklusjon. Departementet ber om at Husbanken presenterar mål og resultat og risikovurderingar på styringsmøta.

Husbanken skal utarbeide ei årleg framstilling av arbeidet sitt. Departementet skal ha motteke den førebelse årsmeldinga for 2011 innan 21. februar 2012. Endeleg årsmelding skal oversendast departementet innan 31. mars 2012. Departementet vil syte for at ein kopi av årsmeldinga blir oversendt til Riksrevisjonen. Departementet ber om at all korrespondanse Husbanken har med Riksrevisjonen blir sendt med kopi til departementet.

Budsjettarbeidet går over heile året. I tillegg til den månadlege statusrapporteringa skal Husbanken gje innspel til departementet til dei ulike budsjetttrundane gjennom året. Førebelse fristar kjem fram av vedlegg 2. Departementet vil kome tilbake til endelege fristar og opplegg for innspel i eigne brev.

Husbanken kan òg bli bedd om bidrag og bistand utover det ordinære budsjettarbeidet og verksemdsrapporteringa. Dette kan mellom anna gjelde svar til Stortinget, i arbeid med meldingar og proposisjonar til Stortinget og ved einskildsaker.

V RELEVANTE DOKUMENT

- Prop. 1 S (2011–2012) *Kommunal- og regionaldepartementet*, jf. Innst. 16 S (2011–2012)
- Prop. 1 S (2011–2012) *Statsbudsjettet (Gul bok)*
- Meld. St. 1 (2011–2012) *Nasjonalbudsjettet 2012*, jf. Innst. 2 S (2011–2012)
- Prop. 1 LS (2011–2012) *Skatter, avgifter og toll*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Helse- og omsorgsdepartementet*

- Prop. 1 S (2011–2012) *Kunnskapsdepartementet*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Arbeidsdepartementet*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Justis- og politidepartementet*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Miljøverndepartementet*
- Prop. 1 S (2011–2012) *Olje- og energidepartementet*
